

Robert Henry Potter



Fødd
21 mai 1963



Primary School
1968 - 1973



**Wade Deacon
High School**
1974 - 1978



**Widnes
Sixth Form College**
1979 - 1982

1982 - 1985: Leeds, Storbritannia

Rob studerte på Leeds University og fekk Bachelor of Science with Honours i genetikken men tok andre fag i biokjemi, mikrobiologi, og kjemi. Han budde mange plassar og delte leilegheit med andre studentar som seg hør og bør.



1985 - 1989: Rothamsted, Storbritannia

Rob fekk stipend frå International Potato Centre i Peru til å studere for doktorgrada. Han var innskriven på Imperial College, London, men han utførde forskningsarbeidet og budde på Rothamsted Experimental Station (Harpenden nord for London). Han brukte mikroprogering av poteter blant anna til å studere genetisk stabilitet i poteter.

Juli 1989 - Oktober 1992: Ås, Norge

Rob fekk jobb på Norges Landbrukshøgskole rett etter ferdig doktorgrad i Storbritannia. Han jobba som forskar på "Klimalabben" spesielt med potet, bygg, ris, og mais. Fagområdet hans var genetisk transformasjon i plantekulturar. Han budde i ei leilegheit i Lyngveien bak Skogveien studentby på Ås.



Oktober 1992 - Desember 2000: Perth, Western Australia

Etter Norge fekk Rob jobb på Murdoch University i Perth. Her arbeidde han som forskar på State Agricultural Biotechnology Centre. I starten var hovudområdet hans molekylær biologi og nematoder med forskningsopplegg på tobakk, potet, og tomat. Etterkvart forska han også på genetisk kartlegging og molekylære markørar i lupiner, kveite og bygg. Han var også vegleiar for fleire hovudoppgåvestudentar. Han budde i Bridges Road ikkje langt frå Murdoch University heilt til Hild kom til Perth. Då flutte dei saman til ei leige-leilegheit i Mill Point Road på andre sida av Swan River frå Perth sentrum.

Midt i det heile gifta Rob seg med Hild i Valle Kyrkje med fest på Bykle Gjestegard (24 juni 1995)





Januar 2001 - Februar 2001: København, Danmark

Rob fekk berre bu eit par månadar med Hild i København. Det vart berre ei kort mellomlanding og ferie i Jernbanegade ovanfor Tivoli før turen gjekk over Atlanteren til Ithaca i staten New York.



Mars 2001 - November 2005: Ithaca, New York, USA

Rob fekk jobb med ei internasjonal organisasjon basert på Cornell University (International Service for the Acquisition of Agri-biotech Applications - ISAAA). Hovudområdet hans var opphavsrettigheter innan landbrukssektoren og han var med på å trene opp besøkande forskarar. Dette arbeidet fortsette når han gjekk over til gruppa som heit Strategic World Initiative for Technology Transfer (*swift*). I november 2002 fekk han ny stilling som koordinator for eit anna internasjonalt prosjekt på Cornell University (Agricultural Biotechnology Support Project II, ABSPII). Hovudoppgåvene var å evaluere og koordinere arbeidet med bioteknologiske produkt på landbruksområdet med mål om å utvikle produkt til nytte for utviklingsland. Heile tida budde han med Hild først i leilegheit og så i eige hus på North Triphammer Road.



Desember 2005 - no: Ottawa, Ontario, Canada.

Rob fekk så jobb i AGBIOS og då flytta han og Hild saman til Ottawa. Rob sitt fagområde er no reguleringstiltak på bioteknologi området - fortsatt med fokus på landbruk. Han arbeider for klientar i privatindustrien og for prosjekt i utviklingsland. Dette inkluderer for eksempel konsultasjonar for klientar som søker om godkjenning av bioteknologiske landbruksprodukt i tillegg til opplæring av klientar i industrielle og utviklingsland omkring regulering og biosafety.

Første året leigde Rob og Hild ei leilegheit i York Street i sentrum av Ottawa. Så kjøpte dei ei splitter ny leilegheit nokre få kvartal vekk i George Street - fortsatt i sentrum.